

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 22/2007

Møtedato: 14.03.07

Arkiv nr:

Kommunal behandling av snøskuterløyva

Formannskapet har i sak 03/07 behandla søknader om løyve til bruk av snøskuter. Det er vedteke ein reduksjon i talet på faste løyve, dette gjeld i all hovudsak dei som ikkje har brukt løyvet eller som ikkje har søkt om fornying. Det er i tillegg opna for nye løyve for tidavgrensa periode (t.d. påske). Dei faste leigeløyva er gjeve for 4 år. Det er også gjeve løyve til handverkarar sjølv om det ikkje er lovgrunnlag for dette. Desse løyva er heller ikkje gjort tidavgrensa. Søknad om løyve for tilsyn av hytter er ikkje godkjent.

Det kan vera fornuftig å ha tidsavgrensa løyve i staden for dei faste løyva som berre blir brukt i høgesongar. Ein kan ikkje ha overkapasitet på faste løyve og samstundes opne for tildeling av tidsavgrensa løyve. Føresetnaden for å innføre tidavgrensa løyve, må vera ved ein markert nedgang i faste løyve. Resultatet av vedtak 03/07 er at ein får større overkapasitet enn tidlegare. Dei som ynskjer å drive seriøst og gje tilbod gjennom heile vinteren bør prioriterast ved løyvetildeling, både for faste og tidsavgrensa løyve. Dette vil også sikre grunnlaget for dei som vil drive transport som næring. Resultatet ved overkapasitet er at det ikkje blir grunnlag for nokon å drive.

Ved N.Syndin er det tildelet 9 løyve. Vegen gjennom feltet med dei fleste hyttene i er brøytt i vinter, men det er tvist om dette skal halde fram. Behovet for transport blir sterkt redusert om det blir fast brøytning. Det må derfor vera generelt etterhald om ny vurdering av løyva om vilkår for tildeling blir endra .

Formannskapet har vedteke at løyva kan dragast inn ved brot på lovverket. Lovverk er pr definisjon ikkje dei vilkår som kommunen stiller ved tildeling av løyve. Dette må formulerast slik at løyvet kan dragast inn ved brot på lov/forskrift knytt til bruk av snøskuter eller ved brot på vilkår stilt i løyvet.

I følgje motorferdselsloven kan arbeid som fortrinnsvis kan utførast i barkmarksperioden kan ikkje utførast på vinteren ved å nytte motorisert ferdsel i utmark. Eksempel på dette er vedlikehalds- og installasjonsarbeid på hytter og stølar. Dei som har byggeløyve for nybygg kan bruke snøskuter til transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk utan kommunalt løyve. Det er derfor ikkje behov for eige løyve til handverkarar eller til materialtransport. Fylkesmannen har gjort merksam på at det ikkje er lovgrunnlag for å skrive ut slike løyve og dette står opplyst i saksutgreiinga. Formannskapet vedtok likevel å gi løyve til handverkarar i strid med lovverket. Desse løyva er heller ikkje tidsavgrensa til fire år slik som dei vanlege leigeløyva.

I følgje formannskapsak 56/06 har gjennomsnittleg tal på turar gått ned frå 44 til 25 turar pr. løyve dei siste åra. Behovet for leigekjøring er sterkt redusert fordi det er langt fleire vegar som blir brøytt. Samla er det 814 turar i siste sesong mot 1398 turar i 2000/2001 (nedgang på 42 %). Spesielt for områda Vaset-Nøsen-Flyin og N.Syndin er talet på løyve svært høgt og snittet på turar pr. løyve lågt (16/19 stk). Mange av dei som har levert kjørebok har svært få turar. Det er fleire løyve som berre har vore brukt 10-20 turar, hovudsakleg i påska. Maksimal bruk av eitt løyve er 155 turar. Det er ikkje urimeleg å stille krav om 50 turar i snitt og det ville då vera nok med 16 løyve (faste og tidsavgrensa).

Det er eit problem med at løyvehavarane ikkje sender inn rapport innan fastsett frist. Dersom det ikkje blir levert kjørebok eller løyvet ikkje blir brukt, må administrasjon få fullmakt til å dra inn løyvet. Dette vil sikre betre tilbakemeldingar og gi betre grunnlag for å vurdere løyva ved nest tildeling.

Formannskapet fann i 1993 at det var overkapasitet på løyva. Dei vedtok då at talet på leigeløyve skulle reduserast og at dette skulle skje ved naturleg avgang. Vedtaket fekk ikkje nokon verknad og frå 1993 til 2006 vart talet på vanlege leigeløyva auka frå 23 til 32. I tillegg vart det gjeve fleire andre leigeløyve slik at samla leigeløyve kom opp i 45 stk. Det er viktig at det blir ført ein konsekvent politikk på dette området slik at lova ikkje blir uthola.

Fylkesmannen har hausten 2006 sendt skriv til kommunane med oppfordring til å avgrense talet på dispensasjoner; *Fylkesmannen vil peke på at for å redusere kjøringen, bør nødvendig transport med snøscooter i størst mulig utstrekning skje som leiekjøring. Kommunene bør foreta en kritisk gjennomgang av behovet for antall løyvehavere i hver kommune/distrikt, som i størst mulig utstrekning bør begrenses ut fra behovet for transport.*

Formannskapet har i klagesak (F 12/2003) frå hytteeigarane i Grunke opplyst at kommunen ynskjer å redusera talet på snøskuterløyve og at ein vil føre ein streng og konsekvent praksis i motorferdselssaker. Fylkesmannen skriv i denne klagesaka: *Samanlikna med andre kommunar med tilsvarande hyttestruktur*

og arealstorleik, er talet på snøscooterløyve i Vestre Slidre framleis høgt. Det bør difor vere ei klår målsetting for kommunen å gjennomføre ein kritisk gjennomgang av løyvepraksisen, med tanke på å redusere talet på løyver.

Kommunane sin praksis med å tildele løyve i strid med intensjonane i motorferdselsloven er omtala i rapport II frå "Motorferdsel og samfunn" frå 2005 det m.a. står:

Det er i Rådgivende gruppe bred enighet om, og dessuten godt dokumentert, at en del kommuner fører en dispensasjonspraksis som ligger langt fra motorferdselslovens intensjon. Det er bred enighet om at det må innføres virkemidler som i større grad enn i dag tvinger kommunene til å følge lovens intensjon. Det er behov for presisering og avklaring av vilkårene for å innvilge dispensasjon og samtidig mer direkte enn i dag kunne sanksjonere mot kommuner som avviker fra loven. Dette gjelder særleg kommunenes fortolkning av motorferdselslovens §§ 5 og 6 og i forskriftens §§ 5-7.

I den grad kommunens dispensasjonsrett benyttes på måter som ikke er etter lovens intensjon, bør dispensasjonsmyndigheten midlertidig kunne fratas kommunen og overføres til fylkesmannen. En enda kraftigere innstramming ville være å overføre dispensasjonsretten til fylkesmannen permanent.

Fjellstyret er ansvarleg for oppsyn i allmenningen og samarbeid med politi blir det også utført oppsyn i dei private områda. Ved både informasjon og kontroll blir det forsøkt å skape respekt for lovverket som regulerar motorisert ferdsel i utmark. Dette blir vanskeleg når formannskapet ikkje respekterer lovverket sjølv. Innan snøskutermiljøet har det hardna til og det er sett fram truslar mot Vestre Slidre fjellstyre sitt oppsyn, inkludert familie. Fjellstyret ser derfor alvorleg på at kommunen sender ut klare signal om at det ikkje er nødvendig å følgje loven. Med slike politiske vedtak vil dette også kunne gå ut over arbeidsmiljø og sikkerheit for oppsynet.

Fjellstyret har tidlegare klaga over vedtak i formannskapet ved tildeling av skuterløyve (formannskapsakk 75/04 og fjellstyresak 02/05). Fylkesmannen tok fjellstyret si klage til følgje og gjorde om formannskapet sitt vedtak fordi det ikkje var lovgrunnlag for vedtaket. Fylkesmannen presiserte over for formannskapet at motorferdselslova var under stadig press og at det er viktig at lova blir praktisert på ein rett måte og ikkje uthola ved vedtak utan lovgrunnlag. Det er går fram av vedtak 03/07 at formannskapet ikkje tek omsyn til Fylkesmannen sin presisering i saka og generell orientering frå hausten 2006.

I vedtak 02/05 bad fjellstyret om eit nærrare samarbeid med formannskapet i saker som vedkjem bruk av snøskuter i allmenningen. Det er naturleg at den som forvaltar bruksrettane i statsallmenningen blir teke med på råd i slike saker. Det har ikkje vore respons på dette frå formannskapet. Den einaste måten fjellstyret kan påverke dispensasjonspraksisen på, er å klage over vedtak når dette er i strid med loven.

Vedtak:

Fjellstyret har registrert at formannskapet ikkje ynskjer samarbeid i snøskutersaker og ein finn det svært uheldig at ein ikkje kan samarbeide på dette området. Fjellstyret ser alvorleg på at formannskapet gjer vedtak som er i strid med loven og med det sender ut signal om at reglane i motorferdselsloven ikkje er viktige å følgje.

Behovet for skutertransport er redusert ved at langt fleire vegar er brøytte og det er overkapasitet på leigeløyva. Rapportering frå leigekjørarane stadfestar dette og syner ein nedgang på 42 % dei siste åra. Talet på løyve (faste og eventuelt tidsavgrensa) må reduserast til godt under 1993-nivå. Formannskapet har ikkje lovgrunnlag for å gi løyve til handverkarar og desse løyva må gå ut. I tillegg må det takast inn eit generelt etterhald om ny vurdering av løyva der vilkåret for tildeling er endra. Løyve som ikkje blir brukt eller som det ikkje blir levert kjørebok for i perioden må automatisk trekkast inn. Vidare må punkt 4 endrast slik at løyvet kan dragast inn ved brot på lov/forskrift knytt til bruk av snøskuter eller ved brot på vilkår stilt i løyvet.

Fjellstyret klagar over formannskapsvedtak 03/07 og ber om at vedtaket blir gjort om i samsvar med merknadane frå fjellstyret. Utskriving av løyve til søkerane må utstå til formannskapet har behandla klagen, eventuelt til fylkesmannen har avgjort klagen om formannskapet ikkje gjer om sitt vedtak. Klagen er grunngjeven med at vedtaket ikkje er i samsvar med "Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag".

Vedtaket er gjort mot 1 stemme.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.3.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Fylkesmannen